




Kva treng Hardanger og kva kan FoU løyse?
Utfordringar og moglegheiter i regionen.

Torgeir Næss,
ordførar i Kvam herad og rådsordførar Hardangerrådet




Utfordringer for Hardanger:

Vidareutvikla våre fortrinn innanfor:

- Reiseliv
- Industri
- Landbruk / fruktdyrking
- Kraft

Styrka samspelet mellom næringar internt i regionen

Henta inspirasjon og sjå utviklingspotensiale gjennom tettare samarbeid med andre regionar t.d. Sogn.




A glass of whisky being poured against a sunset background. The liquid is captured in mid-pour, creating a dynamic, swirling motion. The background is a warm, golden sunset sky with soft clouds, reflecting the light. The glass is a classic snifter, and the liquid inside is a rich amber color. The overall mood is elegant and sophisticated.

Kva kan forskninga bidra med?

- Robuste dyrkingsmetodar
- Klimatilpassa drift
- Best practice - transparente forskningsprosessar
- Omstillingsvilje - nytenking
- Samarbeid for innovasjon gjennom fellesprosjekt
-

- Samarbeid på tvers av regionar, kommunar, forskningsmiljø og næringar vil vera nøkkelen til utvikling og vekst for Hardanger



Hardanger har i alle fall ei stor hovudutfordring:

Folketalsutviklinga.

Statistisk sentralbyrå har spådd regionen vår å få ein kraftig samla reduksjon i folketalet dei neste tretti åra.

Ikkje berre det – befolkninga vil verta eldre. Mykje eldre. Viss me ikkje løyser utfordringane våre....

Kva er utfordringane våre:

- Til dels dårleg infrastruktur når det gjeld veg. Dette medfører utfordringar både for arbeidsreiser, for turistar, for transportørane som driv i distriktet, for skuleborn og for sjukehusreiser. Rasfaren er dessutan ei stor belastning reint psykisk for dei som ferdast langs vegane våre .
- For svak utnytting av kraftressursane våre. Kraft bør foreldast til produkt nærast mogleg der den vert produsert. Me har endå ein veg å gå frå å vera råvareleverandør til å verta produsent.
- For lite kompetansearbeidsplassar utanom industri og offentleg sektor.
- Ingen tunge utdanningsinstitusjonar – ungdomen flyttar ut, går på høgskule og kjem ikkje tilbake.

Kva er fortrinna våre:

- Me er velsigna med høge fjell. Når skyene kjem inn frå Nordsjøen stig dei opp, slepper frå seg nedbør, som me lagar kraft av.
- Me har sterke og kompetente industrimiljø. I Odda som i Ålvik.
- Me har naturen, fjell, fjord, bre og vidde
- Landbruket, landbruksprodukta, kulturlandskapet
- Alle desse - Naturen, industrien, landbruket, mat- og drikkekulturen vår (produkta, ikkje måten hardingen tradisjonelt sett drikk på) -> alle desse representerer store utviklingsmoglegheiter for reiselivet

Kva er det me har i Hardanger som kan vidareutviklast.

FOR DET FYRSTE:

- **Krafta vår** kan vidareutviklast. Verda må over frå karbon til klimanøytrale energiformer.
- Produksjon av t.d. hydrogen
- Det er uutnytta kraftressursar som kan byggjast ut. Me har meir vassdrag som kan byggjast ut eller effektivisera dei kraftverka me har. Vindkrafta er så omstridd no, at eg tenkjer at det er no ein kan nytta på.

- Spelar me korta våre godt, kan me stå framføre ei ny industrireising i Hardanger. Det kan vera Tyssedal, Sima eller Ålvik. Eller Ulvik. Det viktige er at me marknadsfører regionen, og at me står samla.
- Dette føreset at me tiltrekkjer oss investorar, og her har me ein jobb å gjera. For alle andre føresetnader er til stades. Få andre har industrikompetanse, kraftressursar, tilgjengeleg areal og djupvasskaiar som oss.

FOR DET ANDRE:

Reiselivet vårt er ein spin-off av alt som er bra med regionen. Naturen har me. Fjorden ligg no der, kulturlandskapet er der, og breane ligg der, i alle fall ei stund til.

Og her er mykje positivt, eg ser vekk frå mellomspelet me no er inne i, med dette viruset.

- **Me har** aukande naturbasert opplevingsturisme (Folgefonna, Trolltunga).
- **Me har** aukande interesse og turisme basert på frukt- og siderproduksjon, særleg Ulvik og Ullensvang – men Kvam kjem etter.
- **Me har** aukande turisme basert på historie og handtverkstradisjonar (Fartøyvernssenteret i Nhs, Agatunet på Aga, Hardanger Folkemuseum på Utne)
- **Me bør ha** eit potensial på meir matbasert opplevingsturisme i tillegg til siderturismen.
- **Me bør ha** eit potensial i meir opplevingsturisme knytt til industri- og kraftproduksjon

Ein digresjon er at me i alle fall i Kvam i aukande grad ser at par som ikkje har noko som helst slags tilknytning til Hardanger kjem hit for å gifta seg. Både bergensarar og austlendingar. Kanskje kjærleiksturisme vert den store hiten i Hardanger?

Dette viser at me er attraktive, og at potensialet er stort.

FOR DET TREDJE: Landbruket vårt

- Landbruket er ryggraden for den spreidde busetnaden i regionen. Det representerer eit grunnfjell, både iht busetnad, historie, matradisjonar og kultur
- Landbruket kan utviklast og veksa. Merkevaren har styrkt seg dei siste åra.
- Fruktproduksjonen har vorte straumlineforma og meir marknadsretta, me har sett målretta nydyrking, me har sett profesjonalisering av fruktlagera og ikkje minst hjå bøndene : her har det skjedd ei kraftig satsing på vidareforedling, særleg mtp saft og siderproduksjon.
- Her er eit tett samarbeid mellom høgkompetansmiljø som NIBIO og næringa ein føresetnad for ytterlegare utvikling og vekst.

Kva kan forskninga bidra med, og då særleg NIBIO?

- Eit våtare og varmare klima vil truleg krevja tilpassa dyrkingsmetodar, dette krev forskning
- Det kan bli bruk for meir robuste fruktsortar, både iht klimaendringar og ekstremver, men også med tanke på dei indirekte fylgjene, som nye typar skadeinsekt og og soppangrep. Dette krev forskning
- Det kan koma nye miljøkrav iht bruk av gift kan krevja nye måtar å verna frukta mot skade.
- Det vil truleg bli bruk for auka forskning med tanke på kvalitetsfaktorar i siderproduksjonen. For siderproduksjon i Hardanger kan bli svært.

Kva kan Hardangerrådet bidra med?

- **Hardangerrådet skal representera ein meirverdi for medlemskommunane. Me skal styrka regionen si stemme anten det gjeld industrireising, rassikring av vegar, utvikling av reiselivet eller bevaring og styrking av forskningsmiljøet vårt her i Hardanger.**
- **Me skal gjera dette også ved å samarbeida med andre regionar med liknande næringstruktur og liknande utfordringar – særleg indre Sogn. Og me vil intensivera og strukturera påverknadsarbeidet vårt mot politisk nivå over oss for å nå måla våre.**
- **Dette har me ein klar strategi for, og innbyggjarane i Hardanger skal forventast å høyra stemma vår.**
- **Me skal ha ei grunnhaldning om at det som er bra for ein kommune er bra for heile Hardanger.**
- **Heng me ikkje saman vert me hengde kvar for oss.**